

Klasseforeldremøte 2. klasse Forsand skule

2024-09-12, klokka 17.15-18.20 i klasserom B.

Saksliste:

- oppstarten og rutiner i klassen, vaksne i klassen (Ida Janne, Marie, Stine og Hilde).
- rutiner og dagens gang (litt skryt)
- framleis meir tid til leik/val
- Sosialt - mykje bra, men litt tendensar til grupperinger. Så eg vurderer å styre kven som leiker med kven i einiskilde økter, t.d. styrt "leikeven". (Førsteklasse vurderer det same).

- Sandnesskulen er lekseredusert og leksebevisst.
leselekse og småbøker
Salto 2A lesebok måndag og tysdag (ofte stor forbetring frå første til andre dag).
Småbøker onsdag og torsdag, nokre elevar får same boka begge dagane
(NB! Putt alltid plastmappa tilbake i sekken når de har lest!)
Øv godt på leselekse med elevane.
Fyll inn på lesekortet - og skriv gjerne på kommentarar!
- leksehjelp (onsdag 13.55-14.55) er lite aktuelt for 2. klasse i og med at dei ikkje får hjelp med lesing, men kun med skriftlege oppgåver.
- Skriftlege leksar kan fås om det ønskas.
- vekeplaner blir ikkje lengre lagt ut på skulen sine nettsider, men skal sendast heim i Transponder. (Ver kjappe til å minne meg på det dei gongene eg skulle komme til å gløyme det!)

- søvn/mat/klede
- sunn og næringsrik skulemat, ver grei å ikkje sende med søte kaker og "snop".

- eventuell smartklokka skal vere i skolemodus frå 08.00 til skuledagen er slutt.
- spikkekniv.
- symjeopplæring og dusjing
- gymsal
- bibliotek
- framleis "kontortid" 07.00-17.00, hovudsakleg Transponder/telefon/e-mail.
Minner om Messenger er ein privat kanal for kontakt, det har hendt eg har brukt den, men kun unntaksvis.
- vaksinerings torsdag 26.09. *"Dei skal få ein vaksine som heiter Infanrix, og er påfyll av vaksinen dei fekk tre gonger som babyar. Det er mot difteri, kikhoste, polio og stivkrampe."*

- trinntur på fredag: Antakeligvis vått og gjørmete: STØVLAR.
NB: Send med bilputer, vi skal køyre med privatbilar.

- klassekontaktar: Karl Krogedal blei hausten 2023 vald for 1. og 2. skuleår,
Marie B. Randby for 1. skuleår.
Klassen treng ny representant som kan vere for 2. og 3. skuleår.
Nyvald representant er: Monica Knudsen (Mia)

Oppmode om sosialt arrangement haust/jul og vår. Klassekontaktane snakkar saman og kjem med ei forslag.

Karl foreslår klassekasse med frivillig innbetaling.

Ref. Knut Olav